

## Protokoll

Møtenummer : 12/2014-2016

Dato : 8. februar 2016

Klokka : 17.00 – 20.30

Stad : Thon hotel Skei

| NAMN                                    | TIL<br>STADES | FORFALL | FRÅVÆR | IKKJE SAK NR: |
|---|---------------|---------|--------|---------------|
| Sandal, Nils R. (leiar)                 | X             |         |        |               |
| Heimdal, Arve (nestleiar)               | X             |         |        |               |
| Helland, Ruth Sølvi                     | X             |         |        |               |
| Schøyen, Lilly                          | X             |         |        |               |
| Isane, Aud Kari                         |               | X       |        |               |
| 1.vara Heien, Ingrid                    |               | X       |        |               |
| 2.vara Grimseth, Stian                  |               | X       |        |               |
| Leversund, Anne, organisasjonssjef      | X             |         |        |               |
| Narum, Ingrid, plan- og utviklingsleiar | X             |         |        |               |
| Breilid, Ingar, fagkonsulent            | X             |         |        |               |
| Benjaminsen Erling, økonomikonsulent    | X             |         |        |               |

### Møteplan - neste styremøte:

14.mars 2016

8.april 2016

### Representasjon:

|   |         |            |                     |
|---|---------|------------|---------------------|
| Fakkemarkering                          | Stryn   | 22.01.2016 | Nils R +Ingrid/Anne |
| Sogndal IL 90 års jubileumsforestilling | Sogndal | 30.01.2016 | Ingrid Narum        |

### Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

- Oppdatert aktivitetsplan. Sjå vedlegg
- Fordele representasjonsoppgåver Sjå vedlegg
- YOG Fakkeltur Stryn v/Ingrid
- Sluttrapport Ungdomsprosjektet v/Ingrid
- Ny inntaksforskrift VGS ,idrettselevar v/Ingrid
- Enklare idrettslag. v/Erling
- Ny lovnorm for idrettslag v/Erling
- Framtidas idrett v/Ingar
- Årets frivillige , årets idrettnavn 2016 v/Anne
- Info Sofik AS v/Anne

**SAKER :**

- 56 2014 – 2016 Protokoll frå førre møte
- 57 2014 - 2015 Økonomisk årsmelding for 2015
- 58 2014 – 2016 Rekneskap 2015
- 59 2014 - 2016 Årsmelding 2014-2015
- 60 2014 - 2016 Handlingsprogram 2016-2020
- 61 2014 – 2016 Budsjett 2016

**Sak 56            Protokoll frå førre møte**

**Vedtak:**        Protokollen er godkjend

**Bakgrunn:**    Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 11/2014-2016. 07.12.2015

**Sak 57            Økonomisk årsmelding for 2015**

**Vedtak:**        Idrettskrinsstyret godkjenner økonomisk årsmelding for 2015 for framlegging som eiga sak til idrettskrinstinget med tilråding om endeleg godkjenning.

**Bakgrunn:**    Vedlagt økonomisk årsmelding for 2015

**Sak 58            Rekneskap 2015**

**Vedtak:**        Idrettskrinsstyret godkjenner rekneskap for 2015 for framlegging som eiga sak til idrettskrinstinget med tilråding om endeleg godkjenning.

**Bakgrunn:**    Rekneskap for 2015 er lagt ved. Melding frå revisor vert lagt fram på møtet.

**Sak 59            Årsmelding 2015**

**Vedtak:**        Idrettskrinsstyret vedtek følgande framdrift i arbeidet med årsmeldinga. Styret får framlagt utkast til årsmelding seinast 15.02.2016 og gjer innspel på framlegget seinast 18.02.16. Oppdatert utkast til årsmelding vert deretter handsama og godkjend innan 23.02.16. Saka vert framlagt til idrettskrinstinget med tilråding om endeleg godkjenning.

**Bakgrunn:**    Administrasjonen er i gang med utkast til årsmelding 2014-2015.

**Sak 60      Handlingsplan 2016-2020**

**Vedtak:**      Saka utsettast i påvente av høringssvar frå SFFK.

**Bakgrunn:**    Styret handsama førebels utkast til handlingsplan 2016-2020 i telefonstyremøte 14.januar 2015. Administrasjonen sitt utkast har deretter vore på høyring i organisasjonen .

Administrasjonen legg fram innspela som er komme inn i møtet  
Langtidsbudsjett 2016-2020 vert lagt fram i styremøtet.

Nytt utkast til handlingsprogram. Sjå vedlegg

**Sak 61      Budsjett 2016**

**Vedtak:**      Styret godkjenner budsjett 2016 .

**Bakgrunn**    Vedlagde utkast til budsjett for 2016. .



Anne Leversund  
Org.sjef